



## Statens vegvesen

Likelydande brev til:  
Alle kommunar i Hordaland  
v/teknisk etat

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Elin Fjetland - 99268100

Vår referanse:  
2013/120320-036

Dykkar referanse:

Vår dato:  
25.06.2014

### Revisjon av vegliste for fylkes- og kommunale vegar i Hordaland

I notat datert 23. mai 2014 frå Vegdirektoratet er det eit ønske frå transportnæringa, Samferdselsdepartementet og politisk hald om ei hyppigare oppdatering av veglistene. Ideelt ønskjer dei kontinuerlig oppdatering. Dette klarer dei ikkje å få til i dag, men i første omgang har Vegdirektoratet bestemt at riksveglistene skal oppdateras to gonger i året.

Neste riksvegliste tas ut 1. september, dette medfører at NVDB må vera oppdatert innan denne dato.

Det er difor ønskeleg at også vedlagte liste for fylkes- og kommunale vegar vert oppdaterte i september.

Ved denne oppdateringa må ein få med endringar som følgje av nye veganlegg, mindre utbetringstiltak, omklassifiseringar, tømmertransport og liknande etter at førre vegliste ble gitt ut.

Alle vegstrekingar som er spesifiserte i veglista, skal vere oppført med vegnummer (gatekode) og veglengde. I tillegg er rettleiing og forklaringar i forhold til veglista vedlagt dette brevet.

Vedtak om endring i klassifisering av kommunale vegar, saman med forslag om endringar i veglista, må sendast snarast mogleg og seinast **innan 12. september 2014**. Endringar som kjem til Statens vegvesen etter fristen som er fastsett, kan ikkje påreknast tatt inn i neste utgåve.

**NB! Vi ber om svar på dette brevet innan fristen sjølv om kommunen ikkje har endringar.**

Spørsmål og kommentarar kan rettast til Elin Fjetland, tlf. 992 68 100 eller e-post [elin.fjetland@vegvesen.no](mailto:elin.fjetland@vegvesen.no)

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Lagårdsveien 80  
4010 STAVANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52


## ELVEG

Når det gjeld endringar på det kommunale vegnettet til bruk i ELVEG skal dette ikkje sendast inn til Statens vegvesen, men til Statens Kartverk.

- Tillate/skilta fart
- Svingrestriksjonar
- Innkjøring forbode
- Fysisk sperre, ev. bom, sluser (buss-sluse), utrykkingskjøretøy
- Høgderestriksjonar
- Endring av vegnummer (omklassifisering av veg m.m.)

sendes på epost til [aina.gundersby@kartverket.no](mailto:aina.gundersby@kartverket.no) eller tlf. 32 11 84 15/416 51 244.

Byggherreseksjonen  
Med helsing

  
Øyvind Haaland  
seksjonsleiar

  
Elin Fjetland

5 vedlegg